



Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3495 - 16/21474

Saksbehandlar:

Jostein Klette

jostein.klette@osteroy.kommune.no

Dato:

18.11.2016

## Oversending bakgrunnsmateriale til regionalt planforum

I samband med innlegg på regionalt planforum 29. november oversender vi mellombels konsekvensutgreiing for kommunedelplan for sjø og strandsone. Plankart vil verta oversendt snarleg. Dette er eit utkast til KU og det vil difor vera feil og manglar i denne. Det er i tillegg mange små tiltak. Vi ber hovudsakleg om tilbakemeldingar knytt til openbare konflikter med regionale eller statlege interesser.

### BAKGRUNN

Kommunedelplanen har vore på 1. gongs offentleg ettersyn vår 2016. Det vart her opna for å kome med nye innspel til arealendringar i tillegg til merknadar. Planen må difor ut på ein ny høyring ettersom det er komen inn mange nye arealendringar.

Det vart ved 1. gongs offentleg òg ettersyn fremja motsegn til planen frå Hordaland fylkeskommune på bakgrunn av kulturminne og akvakultur. Desse er kommentert under.

### OM KONSEKVENSGREIINGA

Vedlagt konsekvensutgreiing syner alle innspel som no ligg i planen. Nye innspel som ikkje var ute til 1. gongs offentleg ettersyn er vist i tabell under og er markert med raudt i konsekvensutgreiinga. På innspel som var ute til 1. gongs offentleg ettersyn ligg desse med same konklusjon. For nye innspel er det berre vist til positive og negative verknadar men det er ikkje samanfatta noko tilråing.

### KULTURMINNER

Det ligg ei motsegn knytt til kulturminner etter 1. gongs offentleg ettersyn. Kommunen har etter møte med fylkeskommunen tatt vekk utviding av kyrkjegard ved Hosanger kyrkje. Vi ser difor på dette motsegnspunktet som avklart.

Kommunen vil ta inn utvida omsynssone i Hosanger men dette er ikkje lagt inn i konsekvensutgreiing eller plankart som vert oversendt.

### AKVAKULTUR

Det er knytt motsegn til framlegg til miljøkrav ved Skaftå og framtidig fjerning av areal ved Blom. Dette er no sendt til meking hjå fylkesmannen. Frå kommunen si side vil dette difor ikkje vera tema på planforum.

---

#### Post

post@osteroy.kommune.no  
Dokumentsenteret  
5282 Lonevåg

#### Kontakt

www.osteroy.kommune.no  
Telefon 56 19 21 00  
Telefaks 56 19 21 01

Konto  
Org.nr. 864.338.712

Kommunen vil utvida arealet ved Litletveitholane slik at det samsvarar med bruken og vi har god dialog med selskapet som driftar anlegget for å ivareta dette.

Kommunen har lagt inn to nye lokalitetar for akvakultur. Intensjonen er at desse skal kunne tilbys aktørar som vil prøve ut ny teknologi. Det vil her verta stilt krav til miljø på begge desse to lik det som er krav på Skaftå. Vi ber om tilbakemelding på dei nye lokalitetane.

#### **SÆRSKILD OM INNSPELA**

Det er komen inn mange nye innspel. Mange av desse er knytt til små tiltak. Vi ber ikkje om tilbakemelding på kvart tiltak men overordna tilbakemeldingar og konkrete tilbakemelding knytt til konflikter med regionale og nasjonale interesser.

Vi har nokre innspel som vi ber om at de har særskild fokus på og som vi ber om tilbakemeldingar på, uavhengig av om dei var ute til 1. gongs offentleg ettersyn. Desse er:

- **7. Campingplass - Bernes**
- **15. Småbåthamn og gjestehamn - Fotlandsvåg**
- **25. Bryggje og naustområde – Hosanger**
- **29. Naustområde – Refsneset**
- **32. Landbasert akvakultur – Lonevåg**
- **57. Naustområde i friområde – Hamre**
- **72. Kai og flytebryggje – Bruvik**
- **75. Landbruksareal Neset – Bruvik**
- **87. Nye akvakulturareal**

Vi ser fram til eit konstruktivt møte hjå fylkeskommunen den 29. november.

Med helsing

Jostein Klette  
planleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.